



Referat styremøte Sunnmøre friluftsråd 28. juni 2023

Tid: onsdag 28. juni 2023 kl. 18.00 - 19.30

Stad: Digernes, Ålesund i dei nye kontorlokala til friluftsrådet

Frammøte: 12 av 17 styremedlemmar:

Kommune	Styremedlemmar
Fjord	Eva Hove (leiar)
Hareid	Annika Brandal
Sande	Sindre Slettestøl
Stranda	Petter Hjørungdal (ny)
Sykkylven	Trond Bonesmo
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Ola Einang
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Janet Roelofs
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes
Giske	Forfall (Jan Ove Skodje), vara kunne ikkje møte
Herøy	Forfall (Linn-Therese Hansen Sævik), vara kunne ikkje møte
Sula	Forfall (Nils Erik Bjørkavåg), vara kunne ikkje møte
Ulstein	Forfall (Berit Sandvik Skeide), vara kunne ikkje møte
Vanylven	Forfall (John Willy Klungre), vara kunne ikkje møte

Saksliste:

Saksnummer:	Tittel:
Sak 7/23	Godkjenning innkalling, saksliste, referat styremøte og møtebok rep.skap
Sak 8/23	Faste orienteringspostar
Sak 9/23	Status økonomi april 2023
Sak 10/23	StikkUT! Norge
Sak 11/23	Markering av 50-årsjubileet for Sunnmøre friluftsråd i 2024, jf. sak 6/23 og sak i representantskapsmøtet
Sak 12/23	Val av medlem til arbeidsutvalet

Før møtet var det omvisning i dei nye kontorlokala og lageret.

Sak 7/23: Godkjenning innkalling, saksliste og referat rep.skapsmøte og styremøte

Innkallinga vart sendt 15.6., og sakspapira vart sendt ut 25.6. Referat frå sist styremøte 28.2.23 og møtebok frå representantskapsmøtet 29.3.23 ligg på nettsida.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Referat frå styremøte 28.2.23 og protokoll frå representantskapsmøte 29.3.23 vert godkjent.

Sak 8/23: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterte kort om:

- Flytteprosess til Digernes våren 2023
- Marin forsøpling ryddeaksjonar, bl.a. ryddeaksjon Geirangerfjorden juni 2023
- Aktivitet sommar: Friluftsskule, kajakk i skulen, padlefestival, Slå på ringen, StikkUT! og naturmøteplass
- Driftsarbeid i sommar: Friluftsområde, skjergardsteneste, toalett
- Status personalsituasjonen. Tilsett vikar fagleiar marin forsøpling 1 år Roger Wolstad
- Andre dagsaktuelle orienteringar
 - Friluftskonferansen i Haugesund 31.mai-1.juni
 - Ny dagleg leiar i FL Paul Waaler og ny styreleiar i FL Tom Tvedt
- Ålesund kommune og Haram kommune vidarefører medlemskap i friluftsrådet i 2024, jf. vedtak i sak 112/23 Ålesund ks: «*Kommunestyret vedtek at Ålesund kommune og Haram kommune vil vidareføre sitt medlemskap i det kommunale oppgåvefelleskapet Sunnmøre friluftsråd med verknad frå 1.1.2024 og at samarbeidsavtalen blir oppdatert med både Ålesund og Haram som deltakarkommune.*»

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 9/23 Status økonomi april 2023

Kort om saka:

Statusrapport økonomi for jan-april 2023 var utsendt på førehand. Oversikt over inntektene (tilskot, prosjektstøtte) for 2023 vart vist i møtet. Hovudtrekk i kommentar frå rekneskapsfører: Rekneskapet pr. 30.04.23 viser eit overskot på kr 693 574 hittil i år. Sum utbetalte tilskot og andre driftsinntekter hittil i 2023 er kr 5,05 mill., mot kr 4,41 mill. i same periode i fjor. Dette er ei auke på 14%.

Vedtak:

Styret tek statusoppdatering økonomi april 2023 til orientering.

Sak 10/23 StikkUT Norge

Kort om saka:

FL har signalisert at dei ønsker at StikkUT blir eit felles nytt turkonsept for friluftråda, dette vil erstatte andre turregisteringsystem. Det har vore jobba i ei felles arbeidsgruppe fram til no i regi av FL. StikkUT Norge vart presentert for alle friluftsråd 19. juni, friluftsråda skal svare om dei inngår intensjonsavtale om å delta i StikkUT. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal vert framleis juridisk eigar og vert prosjektleiar/administrator, men FL skal stå som ansvarleg bl.a. for økonomi. Presentasjon for friluftsråda og intensjonsavtale er sendt styret.

Vedtak:

Styret ønsker at Sunnmøre friluftsråd fortset som samarbeidspart i StikkUT også når/om konseptet vert nasjonalt under FL.

Sak 11/23 Markering av 50-årsjubileet for Sunnmøre friluftsråd i 2024

Kort om saka:

Representantskapsmøtet 2023 i Sunnmøre friluftsråd vedtok: «Representantskapsmøtet ber styret førebu arrangement i 2024 for å markere 50-årsjubileumet til Sunnmøre friluftsråd. Arrangementa skal vere opne og invitere til brei deltaking. Det vert sett av midlar i budsjettet til markeringane» Styremøte diskuterte vidare aktuelle markeringar som:

- Konferanse med friluftstema
- Friluftsrådets historie i hefte eller bok
- Anna festarrangement
- Markering med leserinlegg etc

Vedtak:

Styret sette ned ei arbeidsgruppe for å førebu 50-årsjubileet med desse medlemmane: Eva Hove, Ola Eide, Janet Roelofs og dagleg leiar.

Sak 12/23 Val av medlem til arbeidsutvalet

Kort om saka:

Styret skal ha eit arbeidsutval bestående av leiar, nestleiar og ein representant til, jf. vedtektene/samarbeidsavtalen. Jarle Hauge Steffensen går ut av styret ved årsskiftet.

Vedtak:

Arbeidsutvalet i Sunnmøre friluftsråd 2023 består av Eva Hove (leiar), Berit Sandvik Skeide (nestleiar) og Jon Kåre Osdal (AU-medlem).